
Saknr: 2020/36497-1
Saksbehandlar: Bjørg Larsen

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		13.02.2020

Investeringsstilskot til kommunar utan idrettshall/symjeanlegg. Retningslinjer

Forslag til vedtak:

Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek retningslinjer for tilskotsordninga
Investeringsstilskot til kommunar utan idrettshall/symjeanlegg.

Samandrag

I tidlegare Hordaland fylkeskommune vart det årleg løyvd kr 2 mill til kommunar som ikkje har idrettshall. Dette verkemiddelet har gitt gode resultat.

Fellesnemnda vedtok i juni 2019 Anleggspolitik og kriterier for tildeling av spelemidlar til anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune med handlingsprogram 2020 - 2024. Tiltak 5 omhandlar investeringstilskot til kommunar som ikkje har idrettshall og/eller symjehall i Vestland fylke.

Retningslinjer er tilpassa til Vestland fylkeskommune.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Britt Karen Spjeld
seksjonssjef idrett og friluftsliv

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkestinget vedtok 18. desember 2019 å løyve kr 2 mill til medfinansiering til bygging av Jondal fleirbrukshall i Ullensvang kommune.

I Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025 står det at *«idrettshallar gjev varierte tilbod, både når det gjeld alder, kjønn og type aktivitetar...For å sikre ei god ressursutnytting bør nye idrettshallar plasserast sentralt og vere knytt til skular»*. I tillegg til organisert og eigenorganiserte idrettsaktivitetar fungerer også idrettshallane som møteplass for kommunen sine innbyggjarar innan eit breitt kulturfelt. Vidare: *«God symjeopplæring er avgjerande for at alle kan ta del i eit trygt friluftsliv i og ved vatn...Behov for bad- og symjeopplæring må særskilt vurderast ut frå kravet om å gje alle elevar i grunnskulen elementær symjeopplæring/livbergingskunnskap»*

Tidlegare tildelingar i Hordaland

I 2018 og 2019 fekk Øygarden og Samnanger kommune tildelt kr 2 mill til idrettshall, og i 2017 fekk Fusa kommune og Ulvik herad kr 2 mill. kvar i støtte til bygging av idrettshallar. Tidlegare har kommunane Fedje, Vaksdal, Ullensvang og Tysnes fått omlag kr 2 mill i investeringstilskot (m.a. frå konsesjons-kraftmidlar) til sine idrettshallar sidan dei ikkje er vertskap for vidaregåande skular.

Tilskotsordninga gjaldt kommunar som ikkje har idrettshall. Frå og med 2021 gjeld ordning også for kommunar som ikkje har symjeopplæring. For 2021 er det Masfjorden kommune som ikkje har idrettshall, Hyllestad kommune har ikkje symjeopplæring og Gulen kommune manglar både idrettshall og symjeopplæring.

Søknadsfristen vert 30. april og vert handsama som del av budsjett for 2021 under fylkestinget i desember.

Vedtakskompetanse

Utval for kultur, idrett og integrering

Vurderingar og verknader

Økonomi: Midlar er løyvd over budsjett

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Det er viktig å gje alle eit tilbod om å vere fysisk aktive i sitt nærmiljø. Symjeopplæring er viktig for alle aldersgrupper.

Regional planstrategi: Ikkje relevant

Framlegg til retningslinjer for tilskotsordninga Investeringstilskot til kommunar utan idrettshall/symjeopplæring;

Føremål med ordninga: Stimulere til at flest mogleg kommunar i Vestland fylkeskommune byggjer idrettshall/symjeopplæring.

Kven kan søkje: Tilskotsordninga gjeld kommunar som ikkje har idrettshall/symjeopplæring.

Kva kan støttast: Medfinansiering av idrettshall/symjeopplæring som legg til rette for varierte tilbod, både når det gjeld alder, kjønn og aktivitetar. For å sikre ei god ressursutnytting bør den plasserast sentralt og vere knytt til skular.

Vestland fylkeskommune føreset tidleg dialog om utvikling av prosjektet.

Nivå på støtta: Inntil kr 2 mill.

Søknadskrav, sakshandsaming og vedtak: Søknad om medfinansiering frå Vestland fylkeskommune skal innehalde tilstrekkeleg informasjon/dokumentasjon til at vedtak kan gjerast; skildring av anlegget med finansieringsplan, kostnadsoverslag og framdriftsplan.

Idrettshallen/symjeanlegget skal vere forankra i ein kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv eller ein kommunal plan for kultur.

Vedtak: Fylkestinget i Vestland fylkeskommune

Klage: Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre veker. Fristen blir rekna frå den dagen søkjar mottek melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Ein klage må innehalde opplysingar om kva vedtak det vert klaga på, årsaka til at det blir klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast, og sendast til Vestland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 Bergen eller vlfk@vlfk.no.

Søknadsfrist: 30. april